

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Museumsfagleg bidrag til søknad om statlege investeringsmidlar til prosjektet «Kløften» - vedlegg til søknad.

I dette notatet vil Musea i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune utdjupe spørsmål/problemstillingar som Norsk Kulturråd som faginstans for museumssaker har stilt i samband med søknad om statlege midlar til å realisere prosjektet «Kløften», jf brev av 15.01.2018 frå kulturdepartementet til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

1

1. Bakgrunn

Museumsplan for Sogn og Fjordane 1998 foreslo etablering av fellesmagasin for musea i fylket. I museumsplanen som vart vedteken i fylkestinget i 2006 ligg både nybygg for Sunnfjord Museum og fellesmagasin for musea inne som tiltak.

I 2006 tok det førebuande arbeidet med fellesmagasin til gjennom utarbeiding av første rapport om rom- og funksjonsprogram. I ABM-utvikling si vurdering vart det peika på ei mogleg samordning/samlokalisering av fellesmagasin med dei planer som Sunnfjord Museum hadde for nybygg. Det vart også peika på nærliek til kunstsamlingane, og deira behov for magasin. ABM-utvikling gjennomførte i 2006 ei gjenstandsregistrering ved alle musea i fylket. Rapport frå dette arbeidet kom i 2007.

På bakgrunn av tilbakemeldingane frå ABM-utvikling, og i dialog med alle musea vart det lagt til rette for at fylkeskommunen skulle ta ansvar for prosessen vidare, noko fylkestinget sa ja til.

Det vart gjennomført ein plan- og designkonkuransen i 2010/2011 i regi av fylkeskommunen. Konkuransen førte til at Bystrup Arkitekter og Designere (Danmark) vann med prosjektet «Kløften».

Både musea og fylkeskommunen bestemte at det skulle arbeidast vidare med dette forslaget med tanke på realisering. Etter råd frå Kulturdepartementet vart arbeidet med forprosjekt som grunnlag for søknad om statleg tilskot til prosjektet, sett igong. Forprosjektet skal konkretisere og vise løysingar i prosjektet. Detaljprosjektering vert gjort når det er bestemt at prosjektet skal realiserrast. Forprosjektet er finansiert av fylkeskommunen (og Førde kommune). Musea deltok som brukarrepresentantar i prosessen med deltaking både frå MiSF og Sunnfjord Museum.

Fylkeskommunen, Førde kommune og dei andre kommunane som soknar til museet har stilt seg bak dette prosjektet. Partane er også innforstått med at det vil krevje auke i driftstilskotet når prosjektet er realisert.

Forprosjektet vart ferdigstilt i februar 2017, og søknad om statleg medfinansiering vart sendt innan fristen 1. mars 2017, og fornya 1.mars 2018.

2. Museumsfagleg skildring av dagens situasjon og behov for nybygget

Vi syner til utgreiinga frå MiSF som følgde med den opphavelege søknaden, i vedlegget *Det kulturfaglege grunnlaget for museumsbygget _Kløften_.pdf*. Med dagens situasjon har Sunnfjord Museum i Movika ikkje tilfredstillande lokal korkje for arbeidsplassar for dei tilsette, magasin for samlingane, eller for formidling og utstillingar retta mot publikum. Både dei små areala og få høve til å halde ein akseptabel temperatur i den kalde årstida, gjer at hovudbygget frå 1979 ikkje stetter krava til eit godt museumsbygg retta mot heilårsdrift. Dette avgrensar høve til å arbeide strategisk med å auke besøkstala og hente ut potensialet som

MUESEA I SOGN OG FJORDANE

ligg i samlingane. Det er ei open tilsynssak frå Arbeidstilsynet når det gjeld arbeidstilhøva ved Sunnfjord Museum. Vidare er situasjonen for tilkomst og parkering krevjande, og avgrensar m.a. mulegheitene for å ta i mot bussar. Prosjektet «Kløften» løyser alle desse punkta.

Musea i Sogn og Fjordane har ei stor utfordring når det gjeld magasin for samlingane. Nokre avdelingar har gode magasin for deler av samlingane, men saknar magasin for større gjenstandar. Andre avdelingar saknar gode magasin i det heile. Særleg er tilhøva kritiske ved Sunnfjord Museum, som berre har provisoriske lokal for samlingane som m.a. tel om lag 15 000 kulturhistoriske gjenstandar. I kombinasjon med oppgradering av fabrikkbygget i Angedalen som museet har kjøpt, vil «Kløften» gje MiSF svært gode oppbevaringstilhøve for samlingane for heile museet, som vil legge til rette for ei berekraftig, heilskapleg samlingsutvikling.

2

3. Behovsanalyse, tilstandsvurdering og prioritering av dagens samlingar, som grunnlag for vidare prosjektering av bygget.

Romprogrammet frå 2007, som vart utarbeidd som ei førebuing til prosjekt om fellesmagasin for musea i fylket, syner eit totalt behov på 2525 m² for dei gjenstandane som avdelingane ønskte å plassere i eit fellesmagasin (med unntak av båtar og kunst). Det er krevjande å få den naudsynte oversikta over samlingane, særleg slik situasjonen er i dag med utfordringar med magasin. Pr. i dag har MiSF registrert om lag 60% av dei kulturhistoriske gjenstandane, det inneber at det er ei grad av uvisse om kva slags gjenstandar som utgjer dei siste 40% og kva slags tilstand dei har. Rapporten frå 2007 var retta mot eitt magasin for alle typar av gjenstandar, og avdelingane melde særleg inn behov for dei gjenstandane som i dag har därleg/ikkje tilfredsstillande oppbevaring. Mange av desse gjenstandane er store.

Pr. 2017 er situasjonen slik at om lag 60% av dei kulturhistoriske samlingane ved MiSF har «ikkje tilfredsstillande/därleg» tilhøve. For båtane er tala enda meir kritisk (80%), mens det for kunst og foto er noko betre, med om lag 60% tilfredsstillande oppbevaringstilhøve. MiSF har i sin nyleg vedtekne strategiplan (2018-2021) satt som mål at vi skal ha full oversikt (100%) over kvar gjenstandane er lokalisert, med anslag om tilstand og bevaringstilhøve innan utgangen av 2021. Dette vil òg innebere arbeid med prioritering og avhending, og vil gje oss eit betre grunnlag for å vurdere kva for gjenstandar som kan og bør plasserast i eit fellesmagasin av høg kvalitet. Avdelingane har arbeidd for å plassere dei gjenstandane som dei vurderer som sentrale i samlingane i dei beste magasina/lokala. For Nordfjord Folkemuseum og Dei Heibergske Samlingar – Sogn Folkemuseum fell desse gjenstandane i kategorien som har svært god/tilfredsstillande oppbevaringstilhøve (med unntak av nokre store gjenstandar). Kystmuseet og Sunnfjord Museum har generelt ikkje tilpassa magasin, og opererer med så lite som høvesvis 10% og 20% tilfredsstillande oppbevaring (for NFM og DHS-SF er tala høvesvis 70% og 40% svært god oppbevaring). Behovet for eit særmagasin for relativt små gjenstandar er derfor skeiv mellom avdelingane.

Ei museumsfagleg tilråding er at dei gjenstandane som er i ein særleg därleg tilstand bør plasserast i dei beste magasina (t.d. slike som er planlagt i Kløften). Dette handlar delvis om kvalitetane på sjølve magasinet, men òg om den kompetansen som krevst i handtering av slike gjenstandar. Samtidig vil avdelingane gjerne ha dei viktigaste gjenstandane nære seg. Ein avveging mellom kva som er «viktige» gjenstandar og kva som er «særleg därlege» gjenstandar krev konkret vurdering av dei einskilde gjenstandane, og kan ikkje avgjerast på bakgrunn av gjenstandstype og -gruppe.

I forprosjektet er det sett av plass til eit kunstmagasin. Det er ikkje grunnlag for å operere med eit eige magasin for kunst på eit bevaringsmessig grunnlag, men det vil kunne definerast eit klima som er egna både til mye kunsthistoriske gjenstandar og andre gjenstandar som har særlege krav til klima (kan gjelde t.d. nokre gjenstandar med metall, glas, papir, kombinasjonsmaterial). Dette dreier seg i volum om ein avgrensa

MUESEA I SOGN OG FJORDANE

del av samlingane. Storleiken på kunstmagasinet vil bli definert nærmere i samband med detaljprosjekteringen, i samsvar med dei behova som blir identifisert i arbeidet med å få oversikt over samlingane.

Nærmagasin for Sunnfjord Museum treng ikkje særleg klimatilpassing utover standard anbefaling for magasinbygg. I samband med eit tidlegare prosjekt for utviding av det eksisterande bygget, blei det rekna behov for ca. 350 m² magasin i tillegg til magasin for større gjenstandar. Ein del av gjenstandane som inngår i desse tala, vil kunne plasserast i kunstmagasinet, evt. også i spesialmagasinet.

Det er ikkje greidd ut kva slags gjenstandar som skal plasserast i spesialmagasinet, som skal tene som fellesmagasin av høg kvalitet for alle avdelingane. Med høg kvalitet, meiner vi her stabilt klima med små daglege svingingar på temperatur og relativ luftfuktighet. Med bakgrunn i at Kystmuseet, Nordfjord Folkemuseum og DHS-Sogn Folkemuseum særleg melder behov for å huse større gjenstandar, vurderer vi dei samla areala som tilstrekkeleg gitt dagens situasjon. Magasina i «Kløften» tener då rolla som fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane i avgrensa grad samanlikna med volumet som var rekna ut i romprogrammet frå 2007, men vil tilby naudsynte magasin særleg for Kunstmuseet og Sunnfjord Museum, samt for eit utval gjenstandar frå avdelingane som har særleg behov for stabilt klima.

Magasinareala i Kløften er skalert under føresetnad av at magasinbygget i Angedalen kan realiserast. Gjenstandane som er tenkt plassert i Angedalen vil vere større, men også blant dei store gjenstandane er det mange gjenstandar som er «viktige» og «sårbare», ofte kan dei òg vere sjeldnare enn mange av dei mindre gjenstandane. Vi stiller dei same generelle krava til klima, sikring, insektssanering, luft og lys som i andre magasinbygg, men toleransane for svingingar i temperatur og RF kan likevel vere noko høgare enn kunst- og spesialmagasina som vert etablerast i «Kløften». I Angedalen vil det òg bli etablert eit svært naudsynt magasin for båtsamlinga.

4. Besøksgrunnlag- og prognose

Med eit nybygg som Kløften, med større og betre formidlingsareal for heile året, vil ein kunne tilby fleire utstillingar og auka aktivitet enn museet har i dag. Det er òg mogleg å ha fleire utstillingar på same tid.

Museumsbygget legg til rette for ein lang rekke aktivitetar utover ordinær museumsverksemd, t.d. kurs og konferanse, selskap, festivalar, folkemøter og fylkesmøter. Ved slike arrangement som det ikkje er knytt formidlingsaktivitet til, tel ikkje publikum som besøkande jf. Kulturrådet sin definisjon. Dei vil sjølv sagt utgjere eit viktig aktivum for museet, som òg kan bidra til eigeninntekter, men det er ikkje rekna på tala.

I berekning av framtidige besøkstal, er det mange faktorar som slår inn. Det er utarbeidd to talgrunnlag, som nyttar ulike metodar og tilnærmingar. Tala syner eit spenn frå ein forsiktig prognose grunna i kjende faktor på om lag 15 000 årleg besøkande, til ei framtidsbilete på opp mot 50 000 årleg besøkande som tek omsyn til vedtekne og mulege regionale utviklingsplanar og analyse av trendar i turistreiser og auka fokus på kulturnæring.

4.1 Prognose

I 2013 hadde Sunnfjord Museum eit toppår om vi ser på perioden 2012-2017 med 9 499 besøkande på museet. Tala har seinare år minka til om lag 8 000. Ut frå statistikken vi har i dag, kan vi ikkje seie kor mange som besøker museet frå dei ulike marknadene. Når det gjeld formidling til skule og barnehage varierer tala frå 1 180 – 2 673 besøkande kvart år, men med dagens bygningar kan ikkje museet tilby eit heilårstilbod. I 2018 er det 5 279 barn i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring i Sunnfjord kommunane, så med eit godt heilårstilbod for skulane i området vil det vere potensiale for å ein auke i denne målgruppa.

MUESEA I SOGN OG FJORDANE

4

For å berekne tal på besøkande frå lokalmarknaden har vi tatt utgangspunkt i Norsk Kultubarometer. I deira statistikk for 2017 står det at 44% av Noregs befolkning mellom 9-79 år besøker museum. Men det er fleire som besøker museum i dei store byane, enn i distrikta. Befolkningsgrunnlaget for nye Sunnfjord kommune er 21 947 (18 173 frårekna innbyggjarane under 9 år eller over 79 år). Viss vi tar omsyn til at færre går på museum i distrikta, kan vi anslå at andelen er om lag 40%. Dette gjer eit tal på **8 779** (7 269 i alderssegmentet 9-79 år).

Sunnfjordregionen er ikkje eit stort turistområde samanlikna med andre store reisemål i Fjord Norge. Dei hadde i 2017 samla gjestedøgn på 199.193 (statistikknett.no), men trenden er stigande dei siste åra som i resten av regionen. Til samanlikning er tala for Sogn 747.509 gjestedøgn. Desse tala inkluderer òg kurs/konferanse og yrkesreisande for begge regionane. Auken i Sunnfjord kjem av både kapasitetsutfordringar i Sogn og at Sunnfjord satsar på nokre marknader. Museet har i dag nokre turistgrupper i sesongen, men det var fleire før. Individuelle turistar har vore aukande.

Med nybygget «Kløften» er det potensial for å få meir av turisttrafikken i området til Sunnfjord Museum. Museet ligg rett ved sidan av E39, og med tilbod om lunsj vert det òg meir attraktivt for turistgrupper å ta ein stopp. Det er mange som passerer på veg til og frå Bergen både av individuell og gruppetrafikk. Det nye bygget vert meir synleg frå vegen, og ein vil ha ein nyhendeverdi. Det er òg muleg å inngå samarbeid med hotella i Førde, m.a. med formidlingstilbod for kurs og konferansegjestar.

I statistikken vi har tilgjengeleg så har vi ikkje tal på kor mange tilreisande som besøker Sunnfjord Museum i dag. Vi kan likevel anta at store delar av besøkstalet i sommarmånadane er tilreisande. Vi vil difor anslå mellom 4-5000 besøkande som er tilreisande på museet i dag, som utgjer berre 2-2,5% av samla overnatting i regionen. Vi meiner det vil vere muleg å auke dette når Kløften vert realisert. Eit forsiktig anslag på ca. 3,5% vil gje **6.971** besøkande, som er ein auke på ca. 2.500 turistar frå dagens nivå.

Med bakgrunn i berekningane over får vi ei prognose på om lag **15 000** årleg besøkande.

4.2 Framtidsbilete

Innan 1 times køyring frå Movika er lokalmarknaden 40.000-50.000 innbyggjarar i Flora, Askvoll, Fjaler, Floppen, Høyanger, Hyllestad og nye Sunnfjord kommune. Planar for å etablere ein ny næringspark i Sunnfjord på Moskog, ein kilometer frå «Kløften», er grunngjeve i den korte avstanden til eit folkerikt område i fylket, midt mellom Bergen og Ålesund, like ved E39.

Talet gjestedøgn vil auke framover i takt med auka satsing på reiselivet i Norge, i Fjord Norge, i Sogn og Fjordane og i Sunnfjord. Det kjem fleire aktørar og trendar med utvikling/vekst i reiselivet som vil auke grunnlaget for «Kløften». Den bevisste satsinga på reiselivet er relativt ny i Sunnfjord, men vi har ei geografisk plassering og eit område som er attraktivt for nye turistar som vil ha andre opplevingar enn dei finn i Geiranger og liknande stader.

Det er eit stort potensiale i å dra nytte av trafikken som allereie er i området i dag. I arbeidet med Tverrfjellprosjektet i Kjøsnesfjorden i Jølster er det gjort nokre grove estimat på besøkande per år hjå Audhild Viken på Skei og Bremuseet i Fjærland:

- Audhild Viken: ca 100.000 besøkande
- Bremuseet i Fjærland: ca 80.000 besøkande

Astrup blir ei viktig satsing framover i Sunnfjord. Dette vil også auke potensialet for «Kløften» til å få fleire besøkande, med fleire turistar og reisande i området som er interesserte i kultur. Sunnfjord har ein stor fordel fordi vi har tilgjengeleg natur og tilgjengeleg kultur. Det vert no satsa på å gjøre tilboda kjente nasjonalt og internasjonalt. «Kløften» vil vere ein ny attraksjon og eit viktig bidrag i marknadsføringa av regionen og fylket.

MUESEA I SOGN OG FJORDANE

Ser vi på trafikkregistreringane til Statens Vegvesen for målepunkta Vassenden og Frudalstunnelen får vi følgjande estimat:

- Vassenden: I 2017 var årsdøgntrafikken på 2.639 lette køyretøy som passerer Vassenden per døgn (snitt gjennom året). For turistsesongen april-september var talet i snitt 3.013. Dersom ein legg til grunn eit snitt på 2 personar per køyretøy passerer det årleg omlag 1,9 mill. personar forbi Vassenden. I turistsesong april-sept 1,1 mill. personar.
- Frudalstunnelen Fjærland: I 2017 var årsdøgntrafikken på 1.239 lette køyretøy per døgn (snitt gjennom året). For turistsesongen april-september var talet i snitt 1.563. Dersom ein legg til grunn eit snitt på 2 personar per køyretøy passerer det årleg omlag 0,9 mill. personar forbi Fjærland. I turistsesong april-sept 0,57 mill. personar.

Basert på trafikkgrunnlaget på Vassenden og i Fjærland, og samanlikna med besøkstala til Audhild Viken på Skei og Bremuseet i Fjærland, bør det vere potensiale for betydeleg vekst i besøkstala for Sunnfjord Museum. Eit forsiktig anslag på mellom **30.000** og **50.000** besökande i løpet av eit år, er eit realistisk framtidssbilete.

5. Bemanningsplan/driftsbudsjett for bygget og for publikumstilbodet. Høgsesong/lågsesong
Vi har hatt avgrensa med tid til å gå i detalj på dette, men MiSF legg til grunn at Sunnfjord Museum skal driftast vidare med dei ressursane som er knytt til avdelinga i dag. Det må sjåast nærmere på ressurstildelingane mellom Sunnfjord Museum og magasinbygget i Angedalen. Vi føreset at auka driftskostnadene til bygget vert kompensert gjennom auka tilskot. Eit større bygg med større publikums- og utstillingsareal kan potensielt auke behovet for, og forventingar om fleire aktivitetar og skiftande utstillingar. Auka lønns- og driftskostnadene kan ikkje utan vidare hentast inn igjen i auka inntening. Men det er òg muleg at bygget kan huse meir solide utstillingar som kan ha lengre levetid utan at attraksjonsverdien tapar seg. Erfaring viser at slike utstillingar er dyrare, og vi må i auka grad søke ekstern finansiering.

I «Kløften» er det prosjektert med at administrasjonen i MiSF skal ha kontor i Movika. MiSF betalar i dag kr. 185 000 til Nordfjord Folkemuseum i leige, og desse midlane vil kunne gå inn i driftsinntektene ved SUM.

6. Formidlingsopplegg

Musea i Sogn og Fjordane vedtok 12. desember 2017 ein ny strategiplan for perioden 2018-2021. I denne planen vart det vedteke nye målsettingar knytt til både formidling og til besökande/omgjevnader.

Delmål Formidling:

- Formidlinga skal starte før og avsluttast seinare enn sjølvle besøket, og vi skal vere til stades med vår kunnskap på fleire flater
- Vi skal ha eit formidlingsprosjekt som oppnår regionalt merksemeld minst ein gong kvart år

Delmål Besökande/omgjevnader:

- 5% årleg vekst i museumsbesøk
- 90% nøgde besökande på musea
- 20 nye utstillingar årleg
- 100 eigengenererte mediaoppslag årleg (artiklar, reportasjar, lesarinnlegg, etc)
- 90% nøgde respondentar på årleg omdømmemåling

MUESEA I SGN OG FJORDANE

Som eit ledd i arbeidet med å operasjonalisere desse målsettingane har Musea i Sogn og Fjordane våren 2018 arbeidd systematisk med å kvalitetssikre måltala og identifisere konkrete tiltak. Dette arbeidet skal sluttførast og styrehandsamast 24.oktober 2018.

Ein konsekvens av dette er at Musea i Sogn og Fjordane per dato ikkje har kome så langt at det er utvikla nye målsettingar og tilhøyrande tiltak på avdelingsnivå. Dette betyr at det førebels ikkje er utarbeidd eit nytt og oppgradert formidlingsopplegg for Sunnfjord Museum. Det inneber også at Musea i Sogn og Fjordane ikkje har komme så langt at dei har utvikla eit eige formidlingskonsept for «Kløften». Musea i Sogn og Fjordane vil gjerne nytte høvet til å presentere tankar og planar om dette når arbeidet er fullført hausten 2018.

6

7. Analyse og utarbeiding av krav til sikring, klima og lys for magasin og utstillingsareal **Utstillingsareal**

- I utstillingsarealet vert det lagt opp til eit klima med fukt omkring 50% RF, og ein temperatur tilpassa at publikum og dei tilsette skal opphalde seg der over tid.
- Utstillingsarealet i sidefløyene vert utforma slik at lysintensiteten kan regulerast i høve til dei gjenstandane som vert utstilt: Ned mot 50-150 lux for skjøre gjenstandar, opp mot 250 lux for andre gjenstandar. Det vert skjerma for sollys og UV-stråling inn i utstillingsarealet.
- Utstillingsdesignet som er skissert, tilpassast bruk av støvtette, avlåste montere for særleg skjøre gjenstandar.
- Slokking i tilfelle brann vert gjort med vasståkeanlegg i utstillingsarealet.
- Utstillingsarealet kan stengast av enkeltvis, og vert alarmert som eigne soner (t.d. i samband med utelege, andre arrangement)

Magasin

- Klima i magasina vert søkt regulert ved hjelp av passiv klimastyring så langt råd er. Det vert lagt opp til eit basisklima som er tilpassa dei fleste kulturhistoriske gjenstandar: 40 – 60 % RF (med kontroll på daglege svingningar). Temperaturen skal ligge i området 10-25 °C, og vil sjåast i samanheng med målet om stabil RF (Bevaringstenesten i Hordaland prøver å halde seg under 20 °C, som bør vere eit realistisk mål i «Kløften»). I «Kunstmagasinet» legg vi til rette for strengare krav til temperatur og RF, i samsvar med dei gjenstandstypene som skal plasserast der. Ei grundigare undersøking av samlingane vil klargjere eit eventuelt behov for fleire spesifiserte klima, og ei delinga av magasinet i fleire rom.
- Godt arbeidslys er viktig for å sikre trygg handtering av gjenstandar. Lysstyring skjer med sensor, som slår seg på når folk går inn i sonar i magasina.
- Løysinga med brannsikring ved bruk av inert luft er god med tanke på gjenstandane i magasina.
- Åtkomst til dei ulike delane av bygget, inkl. magasina, avgrensast med sonar for ulike brukarar. Dette vil òg gjelde tilgang med heis ned i mottak/magasin.

Mottak og handtering

Avstanden mellom «Kløften» i Movika og fabrikkbygget i Angedalen er ca. 12,5 km, 15 minuttar med bil. Når det gjeld handtering av gjenstandar som skal til magasin og ei heilskapleg bevaring av samlingane, må dei to bygga sjåast i samanheng. I «Kløften» er det lagt til rette for magasin av høg kvalitet, og trygg og sikker inn- og uttransport av gjenstandar. Det vil òg bli etablert føremålstenleg areal for interne og eksterne som ønsker å sjå på og studere gjenstandar frå samlingane. I Angedalen er arealet godt lagt til rette for å etablere

Post- og besøkadresse; Gota 16 - 6823 Sandane | Org. nr. 994 179 136 MVA | Bankkonto nr. 3705 16 96647 | post@misf.museum.no | www.misf.museum.no

Nordfjord Folkemuseum | Kystmuseet i Sogn og Fjordane | Sunnfjord Museum | DHS-Sogn Folkemuseum | Sogn og Fjordane Kunstmuseum | Norsk Kvernsteinsenter

MUESEA I SOGN OG FJORDANE

eit effektiv og profesjonelt mottak for alle typar gjenstandar, inklusive preventiv konservering og insektsanering, og pakking av gjenstandar. Fotografering og registrering kan skje både i «Kløften» og i Anderdalen, samt ved dei andre avdelingane.

Insektsanering

Alle gjenstandar må behandlast før dei vert plassert i eit av fellesmagasina. På grunn av plass og øvrige funksjonar, er det føremålstenleg at insektssanering skjer i samband med preventiv konservering i Anderdalen. Her bør det etablerast eit varmekammer med ein storleik på ca. 12 m². Her bør òg etablerast karantenerom og våtrom i skitten sone, før gjenstandane går vidare til rein sone for registrering, fotografering, pakking og transport vidare (m.a. til magasina i «Kløften»).

7

8. Bruk av eksisterende administrasjons- og utstillingsbygg fra 1980-tallet.

8.1 Verkstadbygget (Oppført 1984/85)

Bygget fungerer i prinsippet godt. Den store hindringa i dag er at bygget meir og meir må nyttast som magasin/lager, og plassen for fagleg og effektiv utnytting blir mindre og mindre. I drøftingane rundt «Kløften» var det semje om at bygget framleis er godt tenleg som verkstad, føreset oppjusteringar med vatn, avløp, straum og eventuell tilkomst – og at det ikkje lenger skal tene som lager/magasin.

8.2 Administrasjonsbygg (Ferdig 1981)

Det er føresett at bygget ikkje skal hyse fast arbeidsplass.

Utnytting av grunnplanet:

- Lagerplass for maskinar/utstyr, uteområder o.l. som må inn om vinteren. I dag vert desse lagra i verkstadbygget, i Sersjantløa og i Gamleløa. Dette vil bety sikrare oppbevaring og betre utnytting av t.d. verkstaden

Utnytting av 2. planet:

- Utstillingsproduksjon (Mangler areal i dag)
- Formidlingsarena for «å lære ved å gjøre»-opplegg og aktivitetar som treng hardføre omgjevnader (I dag berre mogleg som ute-aktivitet)
- Kursverkstad (Mangler areal i dag)
- Rekvista lager (i dag lagring på diverse lemmar i dei antikvariske husa. HMS-utfordring å frakte ting opp og ned, stor museplage, mykje fuktighet)
- Lager for mindre bygningsdeler/materialar knytt til antikvarisk arbeid

Sandane / Førde / Leikanger 22.juni 2018

Kjartan Aa Berge

Adm.dir

Musea i Sogn og Fjordane

Jan Heggheim

Fylkesdirektør

for næring og kultur

Jan Tore Rosenlund

Bygge- og eigedomssjef